



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 24.09.2020  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo (industribygget)  
**Møtetid:** 09:00 - 13:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Meldt forfall
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	
Knut Farestveit	SO	Varamedlem	

### **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
030/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
031/2020	Godkjenning av møteprotokoll
032/2020	Referatsaker
033/2020	Orienteringssaker
034/2020	Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen
035/2020	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2021 - 2024
036/2020	Val av medlem til forliksråd
037/2020	Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029
038/2020	Vidareføring av salsløyve for alkohol - COOP Modalen for perioden 01.10.20 - 31.12.20
039/2020	Skjenkeløyve - Mobryggen Drift AS for perioden 26.09.20 t.o.m. 30.09.24
040/2020	Dagsturhytta - Modalen kommune
041/2020	Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal

**Notat frå møtet:**

030/2020: Godkjenning av innkalling og saksliste

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

031/2020: Godkjenning av møteprotokoll

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

032/2020: Referatsaker

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

033/2020: Orienteringssaker

**Behandling:**

Styreleiar Harald Kjensli frå Modalen næringsbygg AS holdt ein presentasjon og orienterte om status for selskapet.

Kommunestyret var godt nøgde med presentasjonen og vil leggje denne til grunn for handsaming av eigarskapsmeldinga i november.

Ordførar orienterte:

Folkevalddagar i regi av KS: formannskapet har føreslått at det vert 1 dag, og at dette vert i januar/februar 2021. Forslag til tema kan kan drøftast i neste kommunestyremøte.

Fylkesmannen ynskjer å lage i stand fagdag for folkevalde. Ordføraren vil vil vidareseende e-postinvitasjon slik at representantane kan melde seg på dag som evt. passar.

Vegutbetring Mo - Romarheim skal vere ferdigstilt til 1. oktober 2020.

TV-aksjonen 2020: Dette skal skje digitalt i år grunna koronaepidemi. Det som ynskjer å vere digital bøsseberar kan gå inn på [www.blimed.no](http://www.blimed.no) og registrere seg, samt få utfyllande informasjon. Informasjon om den lokale gjennomføringa vert lagt ut på kommunen si heimeside. Ordføraren vil gje melding undervegs fram mot aksjonsdag slik at aktuell organisering av innsamling kan finne stad.

Invest in Bergen er eit selskap som er eigd av fylket saman med 17 kommunar, deriblant Modalen. Modalen kommune vil signere forlenga avtale om å vere med ut denne kommunestyreperioden. Det går føre seg dialog med Modalen å kartlegge moglege område for mogleg datasenteretablering i Modalen kommune. Dette omhandlar ikkje kryptovaluta, men selskapsdata. Invest in Bergen kjem i neste kommunestyremøte og held ein presentasjon.

Revisjon av konsesjonsvilkår: Oppstartsmøte kor Modalen tok del vart gjennomført 2. sept. NVE skal handsame dette rundt årsskiftet 2020/2021. Deretter kjem det etterkvart tilbake til kommunen for høyringsuttale. Innkomne krav som allereie har blitt levert inn er tatt med. I tillegg er det råd å komme med nye krav i perioden rundt synfaringa. Ordføraren vil halde kommunestyret orientert om saka framover.

25. september er planlagt møte mellom Hordaland fylkeskommune og Vaksdal og Modalen kommunar. Her vil ein gjennomføre ei synfaring/busstur gjennom Vaksdal og delar av Modalen. Samferdsle/kommunikasjon er tema kor ein m.a. vil drøfte punktforbetringar og moglege oppgraderingsprosjekt. Eit fokus er å førebyggje utfordringar som kan oppstå når K5-arbeidet skal iverksetjast og Vaksdal/Modalen vert omkøyingsveg.

Varaordføraren spurde om kvifor julegudstenesta vert avlyst i år. Rådmannen viste til at det vart vurdert i kriseleiinga å redusere / ta vekk arrangement ut 2020 grunna koronasituasjonen. Kristin Nåmdal ynskjer ei informasjonstavle som kan illustrere kva som skjer vedr. byggeprosjekt nytt kommuneshus.

Inga J. Nåmdal etterlyser meir informasjon om hendingar m.m. på kommunen si heimeside. Rådmannen viste til at det etter at ny heimeside kom så vart det beslutta at informasjon i større grad skal vert kanalisert gjennom kommunen si facebookside. Dette er i tillegg ei utfordring då administrasjonen ikkje har dedikerte ressursar for dette føremålet.

Rådmannen orienterte:

- Status nytt kommunehus er at prosjektet er i rute i forhold til tidsplan.
- Ny kommunepsykolog er tilsett i 20 % stilling.
- Ungdomskoordinatorstillinga: denne er tilbydd ein av søkerane - ventar på svar.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

034/2020: Midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen

Behandling:

Kommunestyret bed om at innbyggjarar som ynskjer å fylgje evt fjernmøte digitalt skal få høve til det. Rådmannen svara at det kan la seg løyse via invitasjon på epost eller å leggje ut lenke på heimeside/facebook.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Kommunestyret vedtek midlertidig forskrift, i samsvar med Kommuneleoven § 11-7, om gjennomføring av fjernmøter i folkevalde organ i Modalen slik den ligg føre.**

**Forskrifta gjeld fram til 1. aug 2021.**

---

035/2020: Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonkraft for 2021 - 2024

Behandling:

Ordførar tok framlegg om utsetjing av saka opp til votering. Dette pga av at ein ikkje har fått gjennomført det planlagde møtet med kraftlaget før kommunestyremøtet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret utset saka til neste kommunestyremøte, 5. november 2020.

---

036/2020: Val av medlem til forliksråd

**Behandling:**

Linda Neset spurde om korleis nye medlemmar vart nominert medlem av forliksråd m.m. Rådmannen viste til at dersom ein først er valgt, så vil det ofte tilseie at vedkommande beheld vervet inntil vedkommande ikkje ynskjer å ta del, eller går av med pensjon. Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

**Modalen kommune vel Marit Kristin Nygard Nese som 1. varamedlem til felles forliksråd for Alver og Modalen i perioden 2021 - 2024**

---

037/2020: Godkjenning av kulturplan 2020 - 2029

**Behandling:**

Linda Neset: under punkt natur og friluftsliv: ynskjer å tilretteleggje for tursti på Øvre Helland som kan nyttast i kombinasjon med lysløype på vinterstid. Ynskjer lys på vegen opp på Nygård då denne virkar som tursti. Kulturskulen; ynskjer at kommunen skal leggje til rette for at barn/unge å framføre/opptre i arrangement. Ynskjer at kommunen nyttar sine eigne/unge kunstnarar til m.a. kommunal utsmykking. Bør informere grunneigarar dersom det føreligg planar som rører ved deira eigedom. I tillegg mindre redigeringar som vart opplyst om i møtet. Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Kommunestyre vedtek kulturplanen 2020 – 2029, med dei endringane som kom fram i møtet

---

038/2020: Vidareføring av salsløyve for alkohol - COOP Modalen for peridon 01.10.20 - 31.12.20

**Behandling:**

Roger Fure ugild, då han er dagleg leiar i COOP Modalen. Samrøystes vedteke

#### Vedtak:

Kommunestyret vidarefører COOP Modalen sitt løyve til sal av alkohol for perioden 01.10.20 - 31.12.20. Vilkår gjeve i kommunestyrevedtak sak 033/2016 ligg til grunn for løyvet. Løyvet omfattar COOP Marked Mo og COOP Nærkjøp Øvre Helland

---

039/2020: Skjenkeløyve - Mobryggen Drift AS for perioden 26.09.20 t.o.m. 30.09.24

#### Behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka, og informerte om at Mobrygga har søkt om skjenking av brennevin fram til 02.00 alle dagar. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen til kommunen opnar for skjenking fram til 24.00, og at det difor er det som er innstilt i framlegg til vedtak. Politiets uttale i samband med søknaden opnar for skjenking av brennevin fram til 01.00.

Roger Fure fremma forslag om å følgje politiets uttale, og tillate skjenking av brennevin fram til 01.00.

Linda Neset ba om gruppemøte.

Ordførar tok rådmannen sitt framlegg, med Roger Fure sitt endringsforslag på pkt 5 opp til votering. Samrøystes vedteke

#### Vedtak:

Med heimel i alkohollova m/ forskrift, samt rusmiddelpolitisk handlingsplan for Modalen kommune 2020 får Mobryggen Drift AS skjenkeløyve for øl, vin og brennevin for perioden 26.09.20 – t.o.m. 30.09.24.

For skjenkeløyvet gjeld følgjande:

1. Løyvehavar er Mobryggen Drift AS
2. Styrar for løyvet er Vidar Nøttveit
3. Stedfortreder er Janniche Nøttveit
4. Løyvet gjeld kro og fellesareal i 1. høgda. I tillegg gjeld løyvet for uteservering på overbygd areal og inngjerda kaiområde. Styrar for løyvet er ansvarleg for tilstrekkeleg avskjerming av skjenkearealet ute. Avskjerminga skal vera godkjent av kommunen, og fri ferdsel på kaiområdet skal sikrast.
5. Skjenketid:
  - Brennevin: kl. 13.00 – 01.00, alle dagar (med evt. avgrensingar gjevne i lov/forskrift)
  - Øl og vin: kl. 08.00 – 02.00, alle dagar (med evt. avgrensingar gjevne i lov/forskrift)

Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

6. Styrar og avløyser pliktar å sikre at alkohollova med forskrifter vert fulgt opp.
7. Det vert sett som vilkår at det i den tida det vert servert alkoholhaldig drikk også skal gjevast tilbod om matsservering.
8. Modalen kommune har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.
9. Det skal årleg sendast inn oppgåve over omsatt alkohol til Modalen kommune.

---

## 040/2020: Dagsturhytta - Modalen kommune

### Behandling:

Rådmannen orienterte.

Håvard Engeseth oppmoda om at når lokalisering skal besluttast, så må det sikrast brei drøfting blant innbyggjarane. Rådmannen stadfesta at dette vil ein søkje å få til.

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

1. Modalen kommune vil søkje Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sitt prosjekt om tilskot på kr 300 000 til etablering av Dagsturhytte.
2. Etablering av Dagsturhytte med opsjon på sanitæranlegg, er innarbeid i kulturplanen. Kulturplanen til kommunen er ein strategisk plan med handlingsprogram for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse i Modalen.
3. Kommunen vil søkje om tilskot frå spelemidlane i 2021.
4. Forslag på samarbeidsavtale om tilsyn av Dagsturhytta, skal følgje sak om plassering av hytta. Sak skal fremjast i 2020. Stader der det er eit lag eller fleire lag som vil påta seg drift av hytta vil bli vedlagt i vurdering av endeleg plassering. I tillegg må avtale med grunneigar om område for plassering av hytta og parkeringstilhøve, der turane startar til dagsturhytta vektleggast.
5. Sak om lokalisering skal innehalde budsjett, finansieringsplan og vedtak for dette. Signering av kontrakt som er utarbeida av Vestland fylkeskommune kan gjerast når det formelle er på plass.

---

## 041/2020: Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal

### Behandling:

Ordføraren orienterte.

Samrøystes vedteke



## Vedtak:

1. Modalen kommune vedtek å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
  2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Modalen kommune.
  3. Modalen kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
  4. Modalen kommune vel ordførar Kjetil Eikefet til medlem med varaordførar Ann-Jorunn Farestveit som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte
-